



PLAN FOR ARBEIDET MED EIT GODT PSYKOSOSIALT MILJØ I I BARNEHAGANE I VESTNES KOMMUNE



Innhald

Innleiing	s. 3
Lovheimel	s. 4
Målsetting	s. 6
Korleis kan ein oppdage	s. 6
Aktivitetsplikt	s. 6
-følgje med og gripe inn	
-undersøking	
-melding	
-plan	
Teieplikt	s. 8
Førebyggande arbeid	s. 9
-førebyggande arbeid har som mål	
-førebyggande arbeid i barnehagen	
-heimen sitt ansvar	
Flytskjema over oppgåver	s. 11
Meldeskjema	s. 12
Tiltaksplan når barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag	s. 13
Referat frå møte med føresette	s. 14
Aktuelle nettsider	s. 15

Innleiing

Planen for eit godt psykososialt barnehagemiljø i barnehagane i Vestnes er ein forpliktande plan for kommunale og private barnehagar i arbeidet med å førebygge, hindre, oppdage og gripe inn når ein mistenkjer at barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag.

Frå 1. januar 2021 fekk barn i barnehage etter kapittel VIII i barnehagelova lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnehagane i Vestnes har i fleire år arbeidd målretta for å utvikle og støtte barna sin sosiale kompetanse. Sosial kompetanse handlar om å lykkast i å omgå andre menneske på ein god måte for alle partar. Det handlar om å lykkast i leik, i eit større fellesskap og i å etablere venskap.

Barnehagane i Vestnes kommune jobbar med prosjektet "Den gode barnehage i Vestnes". Eit av fokusområda i prosjektet er: "Barnehagane i Vestnes er gode når både barn og vaksne har eit godt psykososialt miljø". Her er det utarbeidd «Beste Praksis» både på kommunenivå og barnehagenivå.

Det å utarbeide handlingsplan mot mobbing var og eit tiltak knytt til prosjektet. «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Vestnes» blir no erstatta av «Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes kommune».

Målet med denne planen er å synleggjere korleis barnehagane arbeider førebyggande med oppvekstmiljøet, samstundes som den skal vere eit verktøy til hjelp når barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag.

Det er viktig å poengtere at **barn sin trivsel er dei vaksne sitt ansvar**.

Lovheimel

Frå 1. januar 2021 fekk barn i barnehage lovfesta rett til eit trygt og godt barnehagemiljø.

Kva er nytt i barnehagelova?

- Barnehagen har plikt til å følgje med på korleis alle barna har det.
- Alle tilsette har plikt til å gripe inn visst eit barn ikkje har det bra.
- Barnehagen må undersøkje og sette inn tiltak visst eit barn ikkje har det bra.
- Alle som jobbar i barnehagen skal melde frå til styrar ved mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt.
- Barnehagen må lage ein skriftleg plan visst eit barn ikkje har det bra i barnehagen.
- Barnehageeigar har ansvar for at barnehagen følgjer reglane, og må leggje til rette for at barnehagen følgjer krava i lova.

Kapittel VIII i barnehagelova:

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt

barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c) når tiltakene skal gjennomføres*
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene*
- e) når tiltakene skal evalueres.*

§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakkassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakkassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

Målsetting

Hovudmål: Alle barn i barnehagane i Vestnes skal ha ein trygg og god barnehagekvardag.

Delmål: Alle tilsette i kommunale og private barnehagar skal dagleg arbeide aktivt for å skape og oppretthalde eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehagen.

Korleis kan ein oppdage at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø:

- Gjennom observasjon og deltaking i barna sin leik og samspel.
- Gjennom aktive, inkluderande og engasjerte vaksne.
- Ved tilbakemelding frå andre barn.
- Observasjon av endring i barna sin trivsel og åtferd: inneslutta, trøtt, sint, aggressiv, rastlaus, uroleg, utfordringar i forhold til mat og søvn, gret meir enn før, trekkjer seg tilbake.
- Ved tilbakemelding frå barna sin heim.
- Gjennom daglege samtalar med kvart enkelt barn.

Aktivitetsplikta, dei tilsette sine 5 delplikter:

- Plikt til å følgje med.
- Plikt til å gripe inn.
- Plikt til å melde frå.
- Plikt til å undersøkje.
- Plikt til å sette inn tiltak.

Plikt til å følgje med og gripe inn.

Barnehagen må sikre gode rutiner for opplæring av tilsette, alle må vere kjent med aktivitetsplikta. Barnehagen må sikre at barn og føresette kan sei si meining om barnehagemiljøet.

Alle som arbeider i barnehage må bli godt kjent med alle barna og følgje med på korleis barna er saman med kvarandre, og korleis dei har det i barnehagemiljøet. Observere gruppedynamikk og samspelsmønster. Barnehagen har eit særleg ansvar for sårbare barn.

Plikt til å melde frå.

Alle som arbeider i barnehage har plikt til å melde frå til styrar dersom ein har mistanke eller får kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Terskelen skal vere lav.

Alle tilfelle kor barnet sjølv eller føresette sei ifrå om at dei ikkje eit trygt og godt barnehagemiljø skal meldast til styrar.

Melding til styrar skal skriftleggjerast, bruk skjema side 12.

Styrar skal melde alvorlege tilfelle skriftleg til eigar.

Plikt til å undersøkje.

Barnehagen har plikt til å undersøkje, her skal det vere lav terskel. Formålet er å få saka så godt opplyst som mogleg.

Barnehagen skal finne ut kva som er årsaka til at barnet ikkje har det bra. Dette er utgangspunktet for å sette inn dei riktige tiltaka for at barnet skal få eit trygt og godt barnehagemiljø.

ALLE tilfelle kor barnet sjølv gir uttrykk for at de ikkje har det trygt og godt, og ALLE tilfelle kor føresette er bekymra for at barnet ikkje har det bra i barnehagen SKAL UNDERSØKJAST. Dette uavhengig om tilsette meiner det ikkje er grunn til bekymring.

Undersøking skal settast i gang så raskt som mogleg.

- Har barnet det trygt og godt i barnehagen?
- Er det fleire barn som ikkje har det bra?
- Kva har skjedd?
- Ligg årsaka i eller utanfor barnehagen?
- Er det tilsett som er årsak eller medvirkande årsak til at barnet ikkje har det bra i barnehagen?

Plikt til å sette inn tiltak.

Barnehagen har plikt til å sette inn tiltak visst undersøkinga viser at eit eller fleire barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen må lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag.

Tiltaka skal vere fagleg vurdert og barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn. Barn og føresette har rett til å bli høyrt, men barnehagen avgjer tiltaka.

I planen skal det stå:

- Kva for problem som skal løysast.
- Kva barnehagen har planlagt.
- Når tiltaka skal gjennomførast.
- Kven som skal gjennomføre tiltaka.
- Når tiltaka skal evaluerast.

Det kan og vere lurt å ha med ei oppsummering av samtalane med barnet og føresette, i tillegg til barnehagen sine eigne vurderinger.

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast.

Mal for tiltaksplan side 13.

Teieplikt og behandling av personopplysingar

Alle som arbeider i barnehage har teieplikt . Når ein skal dokumentere kva som har blitt gjort i ei konkret sak må ein behandle personopplysingar. Dette kan vere både ordinære og sensitive opplysingar. Alle personopplysingar skal behandlast i samsvar med personopplysingslova sine reglar.

Desse sakene skal handsamast og arkiverast i P 360 for dei kommunale barnehagane.

Førebyggande arbeid

Venskap mellom barn er ein viktig føresetnad i det førebyggande arbeidet.

Det førebyggande arbeidet skal ha fokus på haldningar, relasjonar, sosial kompetanse, venskap, leik , kommunikasjon og språk. Korleis barnehagane jobbar med dette skal kome fram i årsplanen. Barnehagelova og rammeplan for barnehage gir vidare føringar for innhald og oppgåver. Samarbeid med foreldre/føresette er og viktig i det førebyggande arbeidet.

«Å forebygge, avdekke og håndtere mobbing må starte tidlig»

(Meld. St 19 *Tid for lek og læring Bedre innhold i barnehagen*)

Førebyggande arbeid har som mål:

- Å styrke barna si sjølvheving.
- Å utvikle barna si evne til empati.
- Skape respekt og tryggleik.
- Styrke barna sin generelle sosiale kompetanse i samspel med andre barn.
- Å jobbe for barnegrupper som inkluderer alle barn.
- Skape gode relasjonar i barnegruppa.
- Skape gode relasjonar mellom vaksne og barn.

Førebyggande arbeid i barnehagen:

- Ha fokus på læringsmiljøet og det psykososiale miljøet i barnehagen , følgje og oppdatere beste praksis som er utarbeidd i prosjektet ”Den gode barnehage i Vestnes”.
- Utarbeide få, enkle og tydelege reglar for korleis ein skal vere mot kvarandre i barnehagen.
- Reglane skal vere positivt formulert og åtferda i reglane skal vere observerbar.
- Nok tid og rom for leik.
- Fokus på relasjonsbygging mellom barn-barn og barn-vaksen.
- Barna skal bli teknere på alvor og få påverke kvardagen sin i barnehagen.
- Aktive og tydelege vaksne som set klare og forståelege grenser og grip inn når det er nødvendig.
- Observasjon av barna sitt samspel, spesielt i leik.
- Tydelege vaksne som ser alle barna.
- Vere til stades i barna sin kvardag: i leik, i samtalar og som lyttande part.

- Ha fokus på korleis ein omtalar andre barn og vaksne. Vi er alle rollemodellar!
- Gi ros til både vaksne og barn.
- Etablere eit godt samarbeid med open og tillitsfull dialog mellom heim- og barnehage.
- Ha tema om psykososialt miljø på foreldremøte og informere om planen.

Heimen sitt ansvar:

- Ta kontakt med barnehagen om barnet gir uttrykk for at det ikkje har det bra i barnehagen.
- Ta del på foreldremøte, foreldresamtalar og andre sosiale møteplassar i regi av barnehagen.
- Samtal med barna om korleis dei har det i kvardagen.
- Ha fokus på korleis ein omtalar andre barn og vaksne i heimen.
- Vere gode rollemodellar for barna

Flytskjema over oppgåver:

Oppgåver:	Ansvarleg:	Gjennomført: Signatur og dato
<p>Den som får melding eller observerar at nokon ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, informerer styrar, meldinga blir skriftleggjort. Styrar oppretter mappe i P 360.</p> <p>Pedagogisk leiar skal informerast.</p> <p>Saka blir tatt opp på avdelingsmøte.</p> <p>Start undersøking.</p> <p>Fyll ut tiltaksplan.</p>	<p>Den som tek imot melding eller sjølv observerer at nokon ikkje har det trygt.</p> <p>Meldar og styrar ansvarleg for skriftleggjering.</p> <p>Styrar ansvar for arkivering.</p> <p>Pedagogisk leiar.</p>	
<p>Snakk med barna om det som har skjedd. Be barna kome med forslag om kva vi kan gjere vidare.</p> <p>Samanfatt barna sine forslag med personalet sine forslag.</p>	<p>Den tilsette som står barna nærmest. Evt. saman med pedagogisk leiar.</p>	
<p>Foreldre/føresette til den/dei som er berørt av saka blir informert og tatt med på råd.</p> <p>Gå gjennom tiltaksplana.</p>	<p>Pedagogisk leiar.</p>	
<p>Evaluering av korleis det går etter 1-2 veker.</p> <p>Nye samtalar med barna.</p>	<p>Den tilsette som står barna nærmest. Ev. saman med pedagogisk leiar.</p>	
<p>Ny informasjon/nye samtalar med føresette etter behov.</p>	<p>Pedagogisk leiar.</p>	
<p>Evaluering på avdelingsmøte.</p> <p>Ev. nye tiltak.</p>	<p>Pedagogisk leiar.</p>	

Meldeskjema ved mistanke om at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Bakgrunn for melding:

Dato: _____

Signatur: _____

Tiltaksplan når barn ikkje har ein trygg og god barnehagekvardag

Kva for problem skal løysast?

Kva for tiltak har barnehagen planlagt?

Når skal tiltaka gjennomførast?

Kven skal gjennomføre tiltaka?

Når skal tiltaka evaluerast

Referat frå møte med føresette.

Skjemaet skal ligge i barnet si mappe i P 360. Kopi til foreldre/foresatte.

Møtedato: _____ / _____ 20 _____

Tilstades på møte:

Saka gjeld:	Tiltak vidare:	Ansvarleg:

Dato for neste møte er satt til: _____ / _____ 20 _____

Klokka: _____

Vestnes, den _____ / _____ 20 _____

Underskrift tilsett

Underskrift

Underskrift foreldre/foresatte

Underskrift foreldre/foresatte

Aktuelle nettsider :

- www.vestnes.kommune.no/tenester/barnehage/planar-og-utviklingsarbeid/
- www.udir.no
- www.nullmobbing.no
- www.fubhg.no